

# Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Svein Helge Hofslundsengen	FE - 2	14/708

Saknr	Utval	Type	Dato
047/2014	Formannskapet	PS	10.06.2014
030/2014	Kommunestyret	PS	19.06.2014

## Høyringsvar på framlegg til lovendring låneopptak knytt til kommunereform

### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Masfjorden kommune er i mot framlegget til lovendring som inneber at kommunale vedtak om låneopptak og langsiktige leigeavtalar for budsjettåra 2015–2017 ikkje er gyldige før dei er godkjende av fylkesmannen, og tilrår at lovendring ikkje vert gjennomført. Framlegget til lovendring inneber klart manglande tillit til kommunane frå sentralt hald. Manglande tillit kan lett bli eit hinder å få til gode prosesser og kan medføre dårlagare resultat enn det ein elles kunne ha oppnådd. Statleg godkjenning av låneopptak m.m. strider mot prinsippet om kommunalt sjølvstyre og er eit unødvendig inngrep overfor kommunar som ikkje er registrert i Robek registeret.

### Saksopplysningar:

#### Bakgrunn

Regjeringa har i Prop. 95 S (2013–2014), *Kommuneproposisjonen 2015*, føreslege at det skal gjennomførast ei kommunereform, sjå. For å leggje forholda til rette for gjennomføringa av reforma vert det føreslege ei lovendring som styrkar den statlege kontrollen med økonomien til kommunane. Framlegget går ut på at kommunale vedtak om låneopptak og langsiktige leigeavtalar for budsjettåra 2015–2017 ikkje er gyldige før dei er godkjende av fylkesmannen.

#### Vurdering

Framlegget til lovendring inneber klart manglande tillit til kommunane frå sentralt hald, og viser at ein ikkje har tilstrekkeleg tillit til lokaldemokratiet når ein viktig samfunnsmessig endring skal planleggast og vurderast gjennomførast, og stikk i strid med argumentasjon som vert selt inn med meir mynde og makt til «robuste» kommunar. Det er overraskande at statleg godkjenning av alle vedtak om å ta opp lån eller inngå langsiktige leigeavtaler skal vere eit av virkemidla for å utvikle det kommunale sjølvstyret. Krav om fylkesmannens godkjenning er ikkje eit tenleg verkemiddel for å oppnå ein god utvikling. Manglande tillit kan lett bli eit hinder å få til gode prosesser og kan medføre dårlagare resultat enn det ein elles kunne ha oppnådd. Statleg godkjenning av låneopptak m.m. strider mot prinsippet om kommunalt sjølvstyre og er eit unødvendig inngrep overfor kommunar som ikkje er registrert i Robek registeret. Situasjonen og resultatet vert at kommunar som har drive økonomisk forsvarleg vert straffa med ei slikt framlegg til lovendring. Høyringsnotatet seier elles for lite om handtering av godkjenningane, og ut i frå stoda i eigen kommune vil ein ikkje tilrå at

lovendring vert iverksett.

## **Uttale**

### **Høyring**

Det skal gjennomførast ei kommunereform, sjå Prop. 95 S (2013–2014) *Kommuneproposisjonen 2015*. Kommunal- og moderniseringsdepartementet har utarbeidd eit framlegg til lovendring som styrker den statlege kontrollen med økonomien til kommunane. Framlegget går ut på at kommunale vedtak om låneopptak og langsiktige leigeavtalar for budsjettåra 2015–2017 ikkje er gyldige før dei er godkjende av fylkesmannen. Høyringsfristen er 25. juni 2014.

### **Fakta**

Regjeringa har i Prop. 95 S (2013–2014), *Kommuneproposisjonen 2015*, føreslege at det skal gjennomførast ei kommunereform, sjå. For å leggje forholda til rette for gjennomføringa av reforma vert det føreslege ei lovendring som styrkar den statlege kontrollen med økonomien til kommunane. Ordlyden i framlegget er

I lov 25. september 1992 nr. 107 om kommuner og fylkeskommuner (kommuneloven) skal § 60 nytt nr. 6 lyde:

6. Også for kommuner som ikke er underlagt statlig godkjenning etter nr. 1, er vedtak i kommunestyret for budsjettårene 2015 til og med 2017 om opptak av lån eller om langsiktig avtale om leie av bygninger, anlegg og varige driftsmidler som kan påføre kommunen utgifter ut over fire budsjettår, ikke gyldig før det er godkjent av fylkesmannen. Kommuner som inngår kontrakter som krever godkjenning, må orientere sine medkontrahenter om kravet om godkjenning.

III

Lova tek til å gjelde straks, med verknad frå og med 14. mai 2014.

### **Konklusjon**

## **Formannskapet - 047/2014**

### **FS - behandling:**

Saka vart drøfta.

### **Røysting:**

Framlegget frå rådmannen vart samråystes vedteke og tilrådd overfor kommunestyret.

### **FS - vedtak:**

**Masfjorden kommune er i mot framlegget til lovendring som inneber at kommunale vedtak om**

**låneopptak og langsiktige leigeavtalar for budsjettåra 2015–2017 ikkje er gyldige før dei er godkjende av fylkesmannen, og tilrår at lovendring ikkje vert gjennomført. Framlegget til lovendring inneber klart manglande tillit til kommunane frå sentralt hald. Manglande tillit kan lett bli eit hinder å få til gode prosesser og kan medføre dårligare resultat enn det ein elles kunne ha oppnådd. Statleg godkjenning av låneopptak m.m. strider mot prinsippet om kommunalt sjølvstyre og er eit unødvendig inngrep overfor kommunar som ikkje er registrert i Robek registeret.**

### **Kommunestyret - 030/2014**

#### **KS - behandling:**

Det var 16 medlemmer tilstades under handsaming av denne saka.

Ordførar Karstein Totland las opp framlegget som låg føre.

#### **Røysting:**

Kommunestyret vedtok samråystes tilrådinga frå formannskapet.

#### **KS - vedtak:**

**Masfjorden kommune er i mot framlegget til lovendring som inneber at kommunale vedtak om låneopptak og langsiktige leigeavtalar for budsjettåra 2015–2017 ikkje er gyldige før dei er godkjende av fylkesmannen, og tilrår at lovendring ikkje vert gjennomført. Framlegget til lovendring inneber klart manglande tillit til kommunane frå sentralt hald. Manglande tillit kan lett bli eit hinder å få til gode prosesser og kan medføre dårligare resultat enn det ein elles kunne ha oppnådd. Statleg godkjenning av låneopptak m.m. strider mot prinsippet om kommunalt sjølvstyre og er eit unødvendig inngrep overfor kommunar som ikkje er registrert i Robek registeret.**